

KONKLUSJON

I dag har dei seks kommunane i vår region slått seg saman når det gjeld forebyggande og feiing. Ein har før brannstudien gjort eit stykke arbeid for å ta inn beredskapsdelen i samarbeidet for å få eit fullverdig brannvesen.

Dette arbeidet vil ein nå ta opp igjen etter at ein ser at brannstudien ikkje rokkar ved dimensjoneringa av brann og redningsvesenet.

Ansvarsforholda i brannordninga er også uendra ved at ansvaret framleis skal vera kommunalt.

Ein har for denne regionen gjennomført risiko og sårbarhetsanalyse slik at brann og redningsvesenet kan få ei korrekt dimensjonering.

Denne må godkjennast i kommunestyra.

Vår region har ein geografisk størrelse som er noko over halve Telemark fylke i areal og vi meiner såleis at storleiken på ein region ikkje bør vera større enn dette.

RAPPORTEN

Rapporten peikar på ein del ting som kan forbeistrast frå dagens modell for organisering som ein vel å kalle alternativ 0. Alternativ 0 blir "lagt dødt".

Vidare har ein valt tre modellar, fylkesvis- regionvis og kommunesamarbeidsmodell.

Det synes som om arbeidsgruppa i liten grad har tatt omsyn til at det i alle småkommunar er deltidsmannskap i ca. 1,5 % stillingar. Dette er viktig omsyn å ta når ein f.eks skal sjå på rekruttering av mannskap til eit av vesena i regionen.

Rapporten peikar på at det bør bli store einingar for å få fagmiljø og robusthet både på leiarsida og forebyggande avdeling.

Det blir vidare peika på leiing og samhandling mellom nødetatar som forbeistringsområde, noko som også knyttast til nødnettutbygginga og idriftsetjing av dette.

Det blir også sagt at utviklinga visar at det blir stadig større og meir kompliserte hendingar i framtida. Dette gjeld både klimastyrte hendingar og andre ulykkeshendingar. God leiing er då svært viktig for å håndtere desse.

Arbeidsgruppa peikar også på spesialisering som eit moment i rapporten.

Ein ser at brannstudien er svært bastant i høve til etablering av 110 distrikt, med påstand om innsparingar på mange hundre millionar på dette området.

Framstillinga framstår som lite nyansert fordi, med ei landsdekkande brannordning som har eit årleg budsjett på over 4 milliardar, kan ikkje ei årleg innsparing på om lag 38 mill for heile landet, vere avgjerande for korleis ein skal løyse varsling, styring og leiing. Korleis ein organiserar varsling, styring og leiing, må kome fram som ein konsekvens av framtidig organisering av brann- og redningsteneste sitt behov og må difor ikkje vurderast isolert.

TILRÅDING

Dei 6 kommunane i Vest Telemark som utgjer Vest Telemark Brannvesen pr. i dag meiner at å satse på ein fylkesvis eller regionvis modell ikkje er aktuelt pga store avstandar og lite nærhet til leiing. Det vil også gå uforholdsmessig mykje tid til transport av personell ved tilsyn- øvingar-kampanjer o.l, for skal ein ha gevinsten med fagmiljø, så må desse lokalisrast under same tak sentralt.

Det ein veit pr. i dag er at ein har ein region med 6 kommunale beredskapstyrkar som bør kunne slåast saman til ein enhet ihht til risiko og sårbarhetsanalysa som ligg føre, slik som forebyggjande/feiging er i dag.

Dette vil utan tvil styrke både beredskapssida og ledarsida fordi det vil bli enklare å arrangere heilhetlege gode øvelsar i kommunane slik at leiing/mannskap får samøving.

Det vil også gjere det enklare å lage planar med hensyn på fornying av utstyr og liknande


Samarbeid med andre etatar som politi/ambulanse/røde kors og sivilforsvar eksisterar alt i dag, men vil også bli enklare å handtere om alt blir under ein paraply. Det viktigaste målet med å gå inn for større organisasjonar, må vere å oppnå eit sterkare samvirke, meir integrering og samlokalisering mellom politi, helse og brann.

Ein har elles eit samarbeid med det lokale el tilsyn i regionen, både når det gjeld førebygging og etterforskning. Vi er pr. i dag samlokalisert. Dette samarbeidet har ein planar om å utvikle ytterlegare i åra som kjem.

Me er samde med Brannstudien i at meir samarbeid og større organisasjonar for brann- og redningstenesten, vil styrke det førebyggjande arbeidet, beredskapen og

evna til å handtere større hendingar. Det vil likevel vere ei klar grense for kor store organisasjonar kan bli, før pendelen slår andre vegen.

Det står også at DSB og brann- og redningstenesten i samarbeid kjem fram til m.a eit standardkrav til køyretøy og korleis dei er utrusta. Dette vil etter vårt syn vere ein stor fordel, slik at ein lett kan bruke andre bilar enn sin eigen under store hendingar, der mannskap frå fleire brannvesen samarbeider.



Hans Kristian Lehmann
Styreleiar

Med helsing

Tore Metveit

Tore Metveit
Brannsjef